

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karin Leirdal
Arkivsaksnr.: 20/1615

Arkiv: TI &18

Søknad om skjenkeløyve - Kafe Motti, Høyheimsvik

Rådmannen si tilråding:

Med heimel i alkoholova § 1-6 får Stein Næss, Høyheimsvik generelt skjenkeløyve for kafe Motti slik:

Skjenkeløyve for drikk som inneheld opp til 22% volumprosent alkohol, Gruppe 1 og 2 (øl og vin)

Innandørs:

I lokale på om lag 100 m2 med ca. 60 sitjeplassar.

Utandørs:

På terrasse ved sida av kafeen på om lag 70 m2 med plass til ca 40.

Skjenkestyrar: Stein Næss
Reservestyrar: Berit Rita Grødem

Løyvet trer i kraft frå den dato styrarane har levert godkjend kunnskapsprøve for skjenking av alkohol, og gjeld til 30. september 2020.

Skjenketider:

Skjenking inne skal vere avslutta kl. 01.30.

Skjenking utandørs skal vere avslutta kl. 23.00.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Stein Næss, Høyheimsvik søker om generelt skjenkeløyve for øl og vin i samband med drift av kafe Motti.

Rådmanne tilrår at løyve vert gjeve som omsøkt.

Innandørs:

I lokale på om lag 100 m² med ca. 60 sitjeplassar.

Utandørs:

På terrasse på baksida av kafeen på om lag 70 m² med plass til ca 40.

Skjenkestyrar: Stein Næss

Reservestyrar: Berit Rita Grødem

Utval som har vedtaksmynde:

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:

Fakta:

Stein Næss skal starte opp att med drift av kafe i tidlegare butikklokale med servering av tørrmat, kaffi, is, te, brus, øl og vin. Nytt namn på verksenda: Kafe Motti. I samband med dette søker han om løyve til skjenking av alkoholhaldige drikkar, opp til 22% volumprosent alkohol, Gruppe 1 og 2 (øl og vin)

Lokalet det er søkt om, ligg ved f.v. 55 på Høyheimsvik. Der er ein liten parkeringsplass på framsida ved inngangen, mot vegen. Men søkar er eigar av heile området ned til t.o.m. kaien, jf. kartutsnitt. Her er og eigen parkering for hytteutleige.

I samband med sjøen og båthamna som ligg tett ved, er det mange som ferdast i området om sommaren. Dei kan nytte offentleg parkering på andre sida av vegen, ved kommunevegen som går oppover mot byggefeltet.

Terrassen der det blir søkt om uteskjenking, ligg på baksida av bygningen med utsikt mot fjorden.

Søkar er sjølv oppnemnd som styrar for skjenkeløyvet, reservestyrar Berit Rita Grødem.

Vurdering:

Det er tett avstand mellom kafeen og f.v 55, men fartsgrensa er 60 km/t.

Det er mange som køyrer forbi, både turistar og andre. Mange skal til og frå Sognefjellet om sommaren.

Der er mykje folk i området om sommaren på grunn av båthamna og fine badeplassar ved

sjøen. Her er mange båt- og badegjester i alle aldrar, hyttefolk og turistar.

I andre etasje på kafebygningen er det innreia for leigebustad. Det er og søkar som eig utleigehyttene som ligg tett ved.

Uteskjenkinga vil føregå på terrassen på baksida av kafeen, mot fjorden. Eventuell støy eller sjenanse herifrå vil vere søkar sjølv si utfordring, og ikkje andre naboar.

Det er ikkje andre verksemder som har skjenkeløyve i bygda. Det næraste bustadhuset som har andre eigarar samt byggefeltet ligg på andre sida av fylkesvegen.

Det er ikkje skule eller barnehage i nærleiken.

Politiet har gjeve uttale, dei har ingen merknad til søknaden.

Det vil ikkje vere tilhøve elles som tilseier at skjenking ikkje kan gjevast.

Rådmannen tilrår at skjenkeløyve vert gjeve som omsøkt på vilkår av at styrarane har levert godkjend kunnskapsprøve for skjenking av alkoholhaldige drikkar.

Dato: 25.05.20

Jarle Skartun
rådmann

Anita Bjørk Ruud
Leiar servicetorget

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: